



Dato: 14.06.2019
Arkivref: 2017/970-7469/2019

Saksbeh.: Arild Sunde Rinnan

Saksnr	Utval	Møtedato
36/19	Nærings- og utviklingsutvalet	24.06.2019

Detaljregulering sentrumskule Sykkylven - 1. gongs høyring og offentlig ettersyn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Planforslaget til Detaljregulering sentrumskule Sykkylven (Planid 15282017003) vert lagt ut til 1. gongs høyring og offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12-11.

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 24.06.2019

Behandlingsinformasjon:
Arealplanleggjar Arild Sunde Rinnan viste Power-Point og orienterte
Hallvard Straume frå Nordplan viste Power-Point og orienterte

Utvalet la fram slikt forslag til vedtak:

Planforslaget til detaljregulering sentrumskule Sykkylven (Planid 15282017003) vert lagt ut til 1. gongs høyring og offentlig ettersyn, jf. Plan- og bygningslova § 12-11.

Protokolltillegg:

Nærings- og utviklingsutvalet er uroa for om der er nok parkeringsplassar ved sentrumsskulen.

Samrøystes vedtak:

Planforslaget til detaljregulering sentrumskule Sykkylven (Planid 15282017003) vert lagt ut til 1. gongs høyring og offentlig ettersyn, jf. Plan- og bygningslova § 12-11.

Protokolltillegg:

Nærings- og utviklingsutvalet er uroa for om der er nok parkeringsplassar ved sentrumsskulen.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Nordplan AS fekk i juni 2017 i oppdrag frå Sykkylven kommune å utarbeide ein detaljreguleringsplan for ny sentrumskule i Bakkeøyane. Reguleringsplanen skulle avklare utstrekninga til skuleområdet og vegløyser (bil-, gang- og sykkelveg, parkering) i samband med ny skule. Planprogrammet til denne planen var behandla og vedtatt av NU i møtet 10.09.2018.

No er eit komplett planforslag utarbeida og blir lagt fram for politisk behandling for utlegging til 1.gongs høyring og offentleg ettersyn.

Utførte analysar

Trafikkvurdering, datert 23.02.18:

Det er av Nordplan utarbeidd ei enkel trafikkvurdering for planarbeidet. Her er vurdert eksisterande trafikksituasjon, forventa trafikkauke og turproduksjon frå planområdet, arealbehov og alternativ til framtidig transportsystem. Det blei den 27.09.17 gjennomført ein trafikktejing av kommunen og Nordplan, også av dei mjuke trafikantane.

Støyvurdering, rapport datert 12.06.18:

Det er av Asplan Viak utarbeidd ei støyvurdering av planområdet. Det er ikkje behov for støytiltak, skulen sitt uteområde og innendørs lydnivå er tilfredsstillande og under grenseverdiane.

Flaumsonnevurdering, rapport datert 22.06.18, og e-postdialog 23.01.19:

Det er av Sunnfjord Geo Center utarbeidd ein flaumsonnevurdering av Aureelva i aktuelt område. Flaumsonneanalysen viser at området der skulebygga er planlagt plassert ligg utanfor fare for både 20- og 200 års flaum med 20 % klimapåslag. Området for idrettsanlegg på sørsida av Aureelva ligg delvis i faresone for flaum. Før evt. bygging av idrettshall eller liknande i flaumfaresona skal det gjennomføres avbøtande tiltak mot flaum for å oppfylle byggt teknisk forskrift (til dømes heving av gang-/sykkelveg langs elva, heving av terrenget). Dette må dokumenterast av fagkunnig før igangsettingsløyve vert gjeve.

Geoteknisk grunnundersøking, rapport datert 12.09.18:

Det er av Multiconsult gjennomført ein geoteknisk grunnundersøking av området. Løsmassane på skuletomta tilseie generelt gunstige fundamenteringsforhold, og der er ikkje kvikkleire.

Arkeologisk undersøking, rapport datert 27.02.19:

Arkeologisk undersøking er gjennomført i juli 2018, og det er ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.

Brukarmedverknad med barn og unge, rapport datert 05.03.18:

Brukarmedverknadsrapporten er utarbeidd av ART arkitekter og ingeniører AS saman med Nordplan AS. Arbeidet er delt inn i ulike fasar. Først har ein sendt spørjeundersøking til alle elevane ved barneskulene Ullavik, Aure og Vik skule, samt halde teiknekonkurranse om kva dei har ønskje om. Deretter har ein hatt workshops med elevrådsrepresentantane frå 5.-7. trinn ved kvar av dei tre skulane, og tilslutt workshops med rektorane, eit utval SFO-tilsette og lærarar frå dei tre skulane. Intensjonen med brukarmedverknadsprosessen har vore å ta barn og unge sine ønskje og behov på alvor ved planlegging av ny skule og uteareala til skulen.

ROS-analyse, risiko- og sårbarheitsanalyse datert 26.11.18, rev.29.03.19:

ROS-analysen er basert på dei undersøkingane som er gjort i høve flaum, grunnforhold, støy, arkeologi, samt i samråd med fylkesmannen si temaliste for ROS-analyser og Sykkylven kommune sin overordna ROS-analyse 'Grovanalyse for Sykkylven kommune 2017'. Vi har og vore i kontakt med NVE undervegs i planprosessen, og drøftingar med flaumkonsulent og fylkesmannen.

Utgreiing om planarbeidet og vurderingar

Skuleområdet:

Innanfor den definerte byggegrensa til formålet «undervisning» kan det etableras skulebygg, idrettsbygg og bygg med andre funksjonar knytt til undervisning. Delar av dette område vil også bli nytta som opparbeida uteareal og leik. Innanfor byggegrensa skal det også vere minst 250 sykkelparkeringsplassar. Utanfor byggegrensa er det areal som skal nyttast til ulike typar leik og aktivitetar, ein kan og sette opp mindre bygg og konstruksjonar utanfor byggegrensa som er relatert til leik og aktivitet.

Tilkomst til skuleområdet frå nord:

Tilkomst med bil er lagt frå nord med avkjørsle frå Dalevegen (o_SV1), ned den eksisterande traktorvegen til området. Her er det lagt opp til «kyss og køyr» løysing med to parkeringsområde på kvar si side av tilkomstvegen, med 50-60 parkeringsplassar. Det blir fortau langs tilkomstvegen, slik at ein får ein trafikktrygg tilkomst for gåande og syklande som skal til skuleområdet. Frå «kyss og køyr» og fram til skuleområdet er det regulert til gatetun med fortau. Ferdslar skal skje på mjuke trafikantar sine premisser her, men det er tillate at levering av personar med nedsett funksjon og varelevering kan skje over gatetunet. Tilkomst til landbruksarealet i aust på gnr. 14 bnr.12 vil også kunne nytte denne som gjennomkøyring, med restriksjon på innkøyringstidspunkt.

Tilkomst til skuleområdet frå sør:

På sørsida av Aureelva, mellom fotballbana og Sykkylven storhall, er det tenkt ei vegsløyfe med separat inn- og utkøyring. Her er det dimensjonert slik at skulebussen skal sette av skuleborn (o_SV2). Den kan også nyttast til «kyss og køyr». Skuleborn og andre som skal opp til skuleområdet sørfrå, vil då krysse Aureelva på ei gangbru og vidare på gang- og sykkelveg. Her vil det også bli lagt opp til eit parkeringsareal med 75 parkeringsplassar som kan nyttast av både skulen og idrettsanlegga i området.

Landbruksomsyn:

Det har vore eit krav frå Fylkesmannen at det skal vere fokus på jordvern og omsyn til landbruksdrifta i reguleringsplanprosessen. Gjennom brukarmedverknadsprosessen, samt i dialog med landbrukssjefen i kommune, har det vore fokus på å avgrense skulearealet så mykje som mogleg av omsyn til jordvernet. Samstundes har det vore viktig å ha tilstrekkeleg areal til utbygging av skule, idrettshall og kulturskule, og til skulen sitt uteareal. Det har i programmeringsfasen vore vurdert behov for uteareal og areal til bygg saman med ART-arkitekter og ingeniører AS.

Eit areal på ca. 28 daa av det arealet som i dag er i bruk til dyrka mark (matjord) vil bli sett av til skule-/veg-/parkeringsføremål. Det var undervegs i planprosessen vurdert slik at arealet aust for skuletomta burde vere med til skuleføremål, men dette er no rekna nærare på, og konklusjonen er at ein reduserar arealet til skulebehov i høve det som opprinneleg blei varsla oppstart på. Det er likevel eit krav at det er køyretilkomst for traktor gjennom skuleområdet i aust-vest retning via ein køyrbar gangveg, for at jordbruksarealet i aust framleis kan driftast.

Ved val av uteareal til skulen har planleggar hatt fokus på å nytte det arealet som i hovudsak er minst i bruk til jordbruksareal, dvs. mykje av skogarealet mellom skuletomt og elva. I tillegg er skulebygget foreslått plassert så langt nord på arealet som mogleg, dels i det brattaste terrenget, for å komprimere skuleføremålet.

Eksisterande bustad i planområdet:

Det ligg ein einestad ved innkøyringa til skuleområdet ved Dalevegen. Bustaden ligg i dag i LNF-område i kommunedelplanen. Området får no formålet «bustad» i reguleringsplanen, som stadfestar den verkelege bruken.

Idrettshall på sørsida av Aureelva:

Etter ønskje frå Sykkylven I.L og kommunen så vart området ved grusbana ved Sykkylven storhall tatt med i planarbeidet for å legge til rette for bygging av ein idrettshall på staden. Det er differensiert kva høgde denne hallen kan ha utifrå type konstruksjon ein vel. Maksimal høgde vil vere lavare med flatt tak enn med buekonstruksjon. Kommunen ønskjer med dette å ta omsyn til området og gangvegen som blir opparbeida langs Aureelva, for å legge til rette for eit imøtekommande miljø langs elva for ålmenta.

Innkome merknadar til oppstartsvarel og planprogrammet ligg vedlagt med kommentar.

Økonomiske konsekvensar

Kommunen finansierer reguleringsarbeidet og framtidig bygging av ny skule.

May-Helen Molvær Grimstad
rådmann

Bjarte Hovland
einingsleiar

Arild Sunde Rinnan

arealplanleggar

Vedlegg:

- 1 15282017003 - Sentumskule Sykkylven - Føresegner rev 110619
- 2 15282017003 - Sentumskule Sykkylven - Plankart 010419
- 3 15282017003 - Sentumskule Sykkylven - Planomtale rev 110619
- 4 Vedlegg 1 - ROS-analyse, 290319
- 5 Vedlegg 2 - Oppstartsmøtereferat, 190619
- 6 Vedlegg 3 - Varselbrev, 300617
- 7 Vedlegg 4 - Planprogram 030718
- 8 Vedlegg 5A - Oppsummering innkomne innspel, datert 020718
- 9 Vedlegg 5B - Innkomne merknader i samla dokument
- 10 Vedlegg 6 - Trafikkvurdering 230218
- 11 Vedlegg 7 - Brukarmedverknad, 050318
- 12 Vedlegg 8 - Arkeologisk rapport 270219
- 14 Vedlegg 9 - Grunnundersøking 140918
- 15 Vedlegg 10 - Flaumsonevurdering, 140619
- 16 Vedlegg 11 - Støyvurdering 120618
- 16 Vedlegg 12 - Informasjon om fyllinga i planområdet